



*Den årlege fiskekonkurransen som i år vart arrangert under Bygdehelga i slutten av juli samla mange.*

## Melding om arbeidet i 2022

Botnane og Årebrot grendalag driv ei omfattande verksemd, med ansvaret for to store grendahus, med fleire store arrangement, gjennomføring av viktige tiltak og engasjement i viktige saker for folk i bygdene. Mange vil vere medlem i grendalaget – både frå bygda og frå mange andre stader. I 2022 var det om lag 150 som betalte medlemskontigent. Mange kjenner tilknytning til dei to bygdene og støttar arbeidet på ulike måtar.

Av nye tiltak i 2022 gjennomførte grendalaget stolpejakt med 40 stolpar plasserte både i Botnane og på Årebrot. Laget har fått opp korgjer og fått midlar til å etablere ein diskgolfbane i Øvrebotten. For fyrste gong er det arrangert julemesse på Årebrot. Og det var rekortopplslutning om fiskekonkurransen i Nøre vatnet under bygdehelga i juli. Då hadde vi også konsert i grendahuset. Tidlegare NRK-journalist Magnus Takvam vitja oss og fortalde om boka han har skrive om mor si, Marie Takvam.

I 2022 er grendalaget vorte formell eigar av grendahuset på Årebrot og tilhøyrande eigedom. Dei resterande midlane til partslaget er overført til oss – og det gav eit svært positivt driftsresultat. Laget hard ein god og solid økonomi, men har også store utgifter til å vedlikehalde og reparere dei to husa.

Botnane har fått fiber/breiband, og på Årebrot vert det no planlagt å få det gjort i 2023. Arbeidet med å få betre vedlikehald og utbetring av Frøysjøvegen held fram.

### Årsmøte 2022

var den 19.mars i Botnane grendahus. Årsmøte handsama årsmelding og rekneskap for 2022 og arbeidsplan og budsjett for 2023. Og møte valde styret som er referert under. 12 medlemmer møtte.

### Styret

i 2022 har vore: Åsmund Berthelsen (leiar og kasserar), Nina Seljestokken (nestleiar) og styremedlemmene Vetle Aase Øvrebotten, Marion Ederveen van Eck og Helen Aasen.

Varamedlemmer har vore: 1. Jens Anders Sunde 2. John Magne Sande og 3. Jurate Tamosiuniene.

Sigfred Nøttingnes har vore revisor. Styret har hatt to-tre møte og elles hatt kontakt via messenger.

Varamedlemmene vert kalla inn og har møtt på styremøta.

### Bygdehelga



Frå 29. til 31 juli 2022 gjekk den andre Bygdehelga Botnane-Årebrot av stabelen. Ho opna med visekveld fredag, heldt fram med fotturar til Dyreskora og Futenipa, lunsjkafe, kunstutstilling og fiskekonkurrans på laurdag, og gudsteneste, omvising på Diktarstien og basar på søndag. Det var jamt over godt frammøte og rekordmange på fiskekonkurransen i Nøre dalen.

### Med saltvatn i songane

«Det flyt saltvatn i mange av songane mine. Difor er det som å ta dei heim til havkanten å synge dei her i Botnane», sa Helge Johnsen då han og Ove Mjåtveit opna Bygdehelga med ein visekveld i Botnane grendahus fredagskvelden. Dei møtte eit lydhøyrte publikum på om lag 30 personar frå fjern og nær. Einar Nesbakk sytte for god lyd, og Kari Brun Ågotnes og Asgeir Øvrebotten var vertskap og stod for servering av fingermat og drikke.





*Utsyn frå Futenipa på Årebrot*

## Turar til Dyreskora og Futenip

Laurdag føremiddag leia Torbjørn Øvrebotten turen over Dyreskora i Botnane med 11 deltakarar. Dei stoppa fyrst i Nøre dalen og såg på restane av hytta som gav motstandsfolk dekning under krigen. Søndag føremiddag gjekk Håkon Årebrot til Futenipa på Årebrot med fem deltakarar.



*Guro Hole Sørbotten fekk den største fisken i fiskekonkurransen i under Bygdehelga.*

## Rekordmange på fiskekonkurransen

Vel 30 personar, i alle aldrar, møtte fram til den årlege fiskekonkurransen i Nøre dalen, som Vetle Aase Øvrebotten er primus motor for. Her gjeld det å få den minste og den største fisken, og flest fisk. Den største fisken fekk seks år gamle Guro Hole Sørbotten, ho tok ein aure på 171 gr. på fyrste kastet. Vegard Følling Slettemark fekk flest fisk og Marie Ullevålseter fekk den minste fisken.

## Lunsjkafe – kunst – gudsteneste - diktarsti

Nytt av året var lunsjkafe i Botnane grendahus med Hannele Turunen. Der kunne folk kjøpe seg gaskarsuppe og annan god mat mellom arrangementa. Det kom mykje folk og matsalet gjekk strykande, og var til inntekt for grendalaget.

Samstundes med kafeen var det høve til å sjå samlinga av Aase Botnmark (1927-2012)sine skulpturar i den gamle skulestova. Ho var frå Botnane og etter hennar ynskje har familien deponert «heim» litt av skulpturane ho laga. Denne helga var det også innom folk frå Sogn og Fjordane kunstmuseum for å sjå på kunsten hennar. Dei likte det dei såg. Aase Botnmark var ei av svært få kvinnelege skulptørar i sin generasjon, og av dei få som laga skulpturar i lite format.

I den same skulestova var det gudsteneste søndag, då det ikkje var vermeldingar til utegudsteneste på Jørnjorda. Det var sokneprest Dag Leirvik og organist Jarle Grotle som stod for gudstenesta. «Ei spesiell og fin gudsteneste», skreiv ein deltakar på Fjesboka.

Søndag var det også omvising på Diktarstien i Botnane, etter Jan-Magnus Bruheim. Ein av dei tre som kom var leiaren for PoesiRingen på Fjesboka, Arild Vedvik. Han er lege og har i snart 20 år delt poesi med folket på Fjesboka. Han meiner dikt er helsesamt.

### **Basar på Årebrot**

Bygdehelga vart avslutta med basar på Årebrot grendahus, med Fridtjov Urdal som kåsør. Det var utlodding av gevinstar, og framleis er ein god del av dei heimelaga. Det vart selt lodd for vel 36.000 kr brutto, og matpengane utgjorde 2.500 kr. På visekvelden fredag og lunsjkafeen laurdag vart det selt mat for vel 4.000 kr. Alle inntektene på Bygdehelga går til drifta av Botnane og Årebrot grendalag.

### **Bruken av sjåverdighetene våre**

Det er vanskeleg å gjere greie for kor mykje besøk det er på turstiane, Roska-stasjonen i Breivika, Diktarstien i Botnane og kulturminneløypa om gravrøysene Botnane-Årebrot. Alle er lagt opp slik at folk skal kunne gå der på eiga hand og det har vi inntrykk av at blir gjort. Vona er framleis at stiane gjev både lokalbefolkninga og besøkande grunn til å ta seg ein tur ut og oppleve både naturen og historia vår.



Sykelgruppa i Flora turlag v/Signe Nordvik er truleg den ivrigaste brukaren. Dei har oppdaga kor veileigna Frøysjøvegen er for sykkelturar, og tek seg avstikkarar frå den. Men sams for alle stiane er at dei treng tilsyn og vedlikehald.

*Frå turen til Norsk reserveoffiserforeining Sogn og Fjordane og Flora historielag til Roska-stasjonen den 4.september. Foto: Reidar Brandsberg.*

### **Betre merking av Roska-stasjonen**

4. september i fjor var Torleif Seljestokken kjentmann og vegvisar for ei større gruppe frå Norsk reserveoffiser-foreining Sogn og Fjordane og Flora historielag til Roska-stasjonen i Breivika. Her er



det trong for betre merking av stien opp til skora der radiostasjonen låg. Det kan gjerast med vanlege turstimerke.

Vi får også tilbakemeldingar om at folk har vanskar med å finne ut kvar dei går opp, og kvar ein kan sette frå seg bilen. Det trengst også eit større skilt ved vegen som fortel historia om Roska-stasjonen. Til høgre for gardsvegen opp i Isak-tunet i Breivika er det god plass til både skilt og biloppstilling, og grunneigarane er positive til dette. Der er det også oversiktleg veg både sør- og nordover. Men vi må få laga ei skisse, som kan bli godkjend av Vegvesenet og vi må søkje Kinn kommune om økonomisk støtte. Vi ser for oss noko liknande som utkøyringa (stoppeplassen) i Kvia (Sørbotten) der gravrøysskiltet står.



### Vinden tok skiltet i Sletten

19. mars, den dagen det var årsmøte i grendalaget i fjor, tok vinden det store hovudskiltet om gravrøysene. Eine foten brotna av etter å ha stått og lirka i «skoen» sidan opninga i mai 2021. Då vi valde skilt var det vanskeleg å få skiltleverandøren til å tru på kor vêrhardt det er i Botnane, og resultatet vart som frykta.

Audun Sande og Åsmund Berthelsen bytte i juni til meir solide «sko» på skiltet, men det er framleis utsett. Vi har også fått tak i betre «sko» til skiltet på Opnarhella, som også står utsett til for vinden.

### Granrydding på Diktarstien

På Diktarstien i Botnane manglar det framleis bokstavar på det største skiltet på Jørnjorda. Førebels ikkje funne noko løysing på korleis stålbokstavar og cortenstål kan sameinast, og det går truleg mot å sette eit stålskilt på kvar side av søyla. Mindre elegant, men meir haldbart.

I 2022 vart det gjort ein stor jobb med å sage Diktarstien ut av granskogen på Legene, langs stien som fører fram til diktet «Fotefar i stein». Grunneigar Torbjørn Øvrebotten sagde ned nær 40 graner og området vart både opnare, lysare, og dei gamle furutrea kom meir fram att.

På sida for Diktarstien på [www.Botnane.no](http://www.Botnane.no) er no teksten og dikta omsette til engelsk av Ivar Teigum, og vi kan høyre Jan-Magnus Bruheim lese åtte av dei ti dikta på Diktarstien. Det er opptak frå ein kassett.

I fjor var det ei tillyst omvising på Diktarstien, men gjesteboka syner at det går folk jamnleg. I år er det alt førespurnad om tre guida omvisingar, så det svingar frå år til år. Bruheim sitt forfattarskap får

ny aktualitet i 2023, då Sigrid Moldestad kjem med ny CD og turne med barnedikta hans; Regndropeborna.

### Turstiane i UT.no

Vi må få gjort ein jobb med å gå opp turstiane med gps slik at dei kan bli registrerte i UT.no og andre digitale kart. Det er sendt inn for Diktarstien, men ikkje kome på nettportalen endå.

### Søndagskafear 2022



*På nokre søndagskafear har vi hatt program. Tidlegare NRK-journalist Magnus Takvam fortalde om boka han har skrive om mor si. Og så var soppentusiast Mirjam Tønnesen med og lærde oss om sanking av etande sopp.*

Dei fleste søndagskafearne i 2022 var utan noko ekstra program. Men i samband med årsmøte 19. mars tok grendalaget på kort varsel over eit arrangement for Rom for ord (litteraturformidling på bygda). Det var med **Magnus Takvam** og boka hans om mora, lyrikaren Marie Takvam. Det var både godt frammøte og godt sal av signerte bøker.

Kultursjefen i Bremanger kommune, Norvald Klungreseter, underheldt med song og gitarspel, og fortalde om kulturlivet i Bremanger på ein annan søndagskafe. Fyrste søndagen i september var det soppentusiast Mirjam Tønnesen som lærde oss om sanking av etande sopp. Det var utekafe i fint haustver.

Frammøte på søndagskafearne er ujamt, og vi fekk ikkje gjennomført ideen om ein sams middag i løpet av året. I romjula var det julekafe tredje juledag, med godt frammøte og mange mindre ungar.

Dei større arrangementa vert lagt til grendahuset på Årebrot, der det er best plass. Dei mindre til Botnane, der det er mindre tomrom om vi er få i forsamlingslokalet i grendahuset.

### Andre arrangement

#### Fyrste julemesse på Årebrot

Den 26. november vart det arrangert julemesse på Årebrot 26. november. Primus motor for den var Britt Maret Sunde og Marit Brandsøy, med fleire medhjelparar. Det var fyrste gongen det vart arrangert julemesse på Årebrot grendahus og tidsrommet (13.00-16.00) var tilpassa slik at folk kunne kome og fare med rutebåten frå/til Florø. Det var kafe attåt julemessa og sal av tradisjonsbakst. Mykje fint handarbeid var til sals og vart kjøpt. Britt Maret Sunde oppsummerte messa slik: - Vi er



stolte over resultatet, men litt skuffa over frammmøte. Men vi gjev oss ikkje. Vi prøver att neste år. Det er berre å få det på trykk, så er det ingen veg attende.



*Britt Maret Sunde (bilete) og Marit Brandsøy var primus motor for julemessa i Årebrot grendahus*

Den tradisjonelle **hjortefesten i Botnane**, er det hjortejegarane som står for. Om lag 30 personar hadde meldt seg på. Det vart servert fisk i lefse med grønnsaker som forret, hjortesteik som hovurett og moltekrem til dessert. Tor Magnus Lilletvedt takka for maten og festen og lurde på kvifor hjortefesten var lagt til mandagen 19. november? Det kunne ingen svare på, men vi observerte at ei av dei stadig fleire kvinnene som går på jakt, var på kjøkkenet og laga forret.



*Stolpejakt var eit nytt tiltak i år. Det var plassert ut stolpar som folk kunne finne fram til ved hjelp av digitalt kart, var plassert i Øvrebotten, i Seljestokken og Uradalen.*

## Stolpejakt

Stolpejakta går ut på å finne stolpar plassert ute i terrenget og som du kan finne fram til med å bruke eit digitalt kart som ein finn med å bruke ein app.

Grendalaget plasserte ut i alt 40 stolpar, 20 i Øvrebotten og 20 på Årebrot (Seljestokken og Uradalen). Kring 50 personar fann fram til ein eller alle stolpane. Fleire av dei kom frå andre stader

enn Botnane og Årebrot. Samla kostnad var på 30000 + mva. Vi fekk 20.000 kr i støtte frå dei som organiserer Stolpejakten. I tillegg får vi refusjon for meirverdiavgifta. Difor kostar opplegget 10.000 kr. Vi prøvde å få sponsor, men lukkast ikkje med det. For å gjennomføre dette fleire gonger må vi ha ein sponsor med oss slik at ikkje kostnadene vert for store. Men stolpejakta kan vere eit viktig aktivitetstilbod både for folk i bygdene og for tilreisande. Stolpejakta er eit opplegg som ein finn mange stader i landet.

### Strandryddeaksjon

Også i 2022 arrangerte vi strandryddeaksjon. Den 10.juni samla vi boss både i Botnane og sørover mot Husefest. Også på Årebrot vart det samla ein god del boss. Alt vart levert over kaia på Villevika.

**Jonsok** vart feira på Jønjorda med tradisjonelt bål i bålgrøpa den 24. juni, utsett ein dag på grunn av veret. Fint ver og godt frammøte, og fleire ungar enn på mange år.

**17. mai** vart feira på Årebrot grendahus med 20 frammøtte. Dei mest lokalkjende meinte det var fyrste gongen der ikkje var med barn, berre vaksne folk. Det er vel naturleg at borna dreg dit dei går i barnehage/skule denne dagen. Men vi heldt tradisjonen med natursti ved like, det var god mat og fint ver.



### Diskgolfbane (frisbee-bane)

Rune Nordbotten har teke initiativ til å få etablert ei diskgolfbane i Øvrebotten. Planane er utarbeidda, det er gjort avtale med grunneigarane og korgene er laga og plasserte ut. Sparebankstiftinga har ytt eit tilskot på 35.000 kr. Og no er søknaden om spelemidlar godkjent av fylkeskommunen. Det betyr at vi med det får dekkja halvparten av kostnadene på om lag 178.000 kr. I finansieringa ligg det også inne ein god del dugnad. Grendalaget bør dekke ein del, og vi må søkje fleire om støtte. Forskotting av spelemidlar skal vi søkje Bremanger kommune.

### Heimeside

Grendalaget har eit svært profesjonelt opplegg med med både heimeside (<https://botnane.no>) og side på fjesboka (<https://www.facebook.com/groups/1397763987156044>) der det er 844 medlemmer pr. 7.3. Vi har ikkje oversikt på kor mange som vitjar heimesida.

På heimesida vert det lagt ut stoff om aktuelle saker, intervju med personar, reportasjar og historisk stoff. Når det er lagt ut nytt stoff på heimesida vert det lagt ut melding på fjesboka. Heimesida vert



lagt merke til, og vert omtala som den beste av liknande sider i regionen. Fleire saker derifrå har blitt brukte i Firdaposten og som grunnlag for saker i NRK. Det er Magni Øvrebotten som er redaktør og som skriv det meste av tekst og bilete på heimesida. Med god hjelp av Fridtjov Urdal på det historiske stoffet. Magni Øvrebotten og Bjørg Kleiven står som administratorar av sida vår på fjesboka.



## Husa våre

Formelt vart Årebrot grendahus (gnr.11 og bnr.31) overført til grendalaget i 2021 etter ein omfattande prosess. Grendalaget fekk i 2022 overført 336.402 kr frå konto som partslaget har hatt ståande sidan grendalaget overtok drift og vedlikehald for nokre år sidan. Årebrot grendahus skal vere eiga driftseining, ha eige rekneskap og eigedomsoversikt. Det er gjort nokre mindre reparasjonar på huset. Og det er behov for ein del reparasjonar og vedlikehald. På dugnad er det rydda kring huset.

I grendahuset i Botnane er laga nytt inntak for straumen og det er no skilt abonnement på grendahuset og leigligheta. Vi har ikkje fått inn nye faste leigetakarar og leigligheta har vore utleigd eit par månader til dei same og så to-tre dagar til feriegjester. For sommaren 2023 har vi bestilling på utleige nokre dagar og ei veke. Nokon som har oppdrag ved DC Seljestokken har leigd eit par veker i starten på 2023. Vi kan gjere nye forsøk på fast utleige, men det ser litt vanskeleg ut. Vi treng i alle tilfelle å ha avtale med nokon som kan seg av ettersyn og vasking i leigligheta og huset elles.

For baa husa treng vi å få oversikt på behovet for reperaturar og vedlikehald framover.

## Gjort – fått til!

No er det endeleg **fiber/breiband** i Botnane og dei fleste er kopla på. For grendahuset heng det litt etter, men det er tinga og skal ordnast! I Botnane er det i regi av Telenor. Også på Årebrot er Eninvest i gang med å planlegge, så i løpet av 2023 skal det også vere på plass der.

Det er laga til sitteplass og ved ned til sjøen ved fyrlykta i Vikja i Botnane. Benken som vi fekk frå Bremanger kommune i samband med kulturminneløypa er plassert der.

Grendalaget tok etter innspel opp med Skyss om endring av bussrute slik at den korresponderte med båten frå Florø om morgonen. Dette er no gjennomført, og dei som pendlar frå Florø slepp å ha med bilen for å kome seg på jobb.

### **Ikkje fått til endå...**

Grendalaget har spela inn behovet for vedlikehald og utviding av smale, svingete parti på **Frøysjøvegen**. Vi har også spela inn at vegen må prioriterast for dei ekstra midlane som fylkeskommunen har sett av til vedlikehald i 2023. Dette fekk vi svar på. Og strekningen Myklebustkrysset – Mulehamn/Sørgulen ligg inne i planen for vedlikehald i 2023. Så det er då noko!

Gjennom kommunen har vi spela inn forslag til **plass for busstur i Sørbotten**. Fylkeskommunen får inn mange ynskje om dette og prioriterer og ser ut til å prioritere der det er mest ungar og farlegast for ungar. I Botnane er det ikkje mange, men det er rimeleg utrygt. Kostnadene varierer, men vanskeleg å kome under 100.000 kr, skriv dei i svar til grendalaget. Vi har spela inn forslag til plassering og strekning for gatelys. Grendalaget må arbeide vidare med dette og må vurdere å gå inn med litt eigne midlar for å få dette til. Og vi må søkje om eksterne tilskot frå stiftingar og ulike organisasjonar.

Vi har ikkje kome lengre med å legge turstiane inn på ulike digitale kart og plattformer, mellom anna ut.no. Det er heller ikkje merka fleire nærturar.

Grendalaget har teke opp spørsmålet om å få fleire stjernestopp for Kystekspressen på Villevika. Det er ikkje kjent om det har vorte teke omsyn til.

### **Økonomi**

Rekneskapan for 2021 er gjort opp med eit positivt driftsresultat på omlag 500.000 kr mot om lag 260.000 kr i 2022. Det gode resultatet skuldast fyrst og fremst overføring av midlane etter avviklinga av partslaget og overtakinga av grendahuseigedomen. I tillegg var det etterbetaling av leige frå DC Seljestokken for 2021 i tillegg til leiga for 2022.

Det er leigeinntekter for utleige av husvære og tomt som er hovudinntekta til grendalaget. Også støtte frå Guleslettene vindkraftverk utgjer no ein betydeleg del av inntektene. Inntektene på ulike arrangement var i 2022 på over 60.000 kr der basarinntektene utgjer om lag halvparten. Med kring 150 betalende medlemmer utgjer også kontingenten ein betydeleg sum. Men det kostar også å ha ansvaret for drift og vedlikehald av to grendahus. Straumutgiftene er samla mellom 45 og 50.000 kr. Samla er det nytta kring 80.000 kr til vedlikehald, reparasjonar og utstyr til dei to grendahusa. I Botnane er det kjøpt inn ein storskjerm som kan nyttast både til presentasjonar og som fjernsyn. Grendalaget får refundert meirverdigungiftene til vedlikehald og reparasjonar, med unntak av det som gjeld leiligheta i Botnane.

Grendalaget har etterkvart eit omfattande rekneskap og det er no naudsynt å leige rekneskapskyndige til å føre rekneskapan.

### **Takk**

til alle som har stilt opp og delteke på dei arrangementa som har vore – og til dei som har teke i eit ekstra tak for å få til gode arrangement og gjennomført viktige saker.

6.mars 2023 Åsmund Berthelsen (leiar i styret)